

Kinnaspelet 2020
Postboks 504
6903 FLORØ



Til våre sponsorar og leverandørar

Florø, 29.03.2020

Saga Fjordbase, SFE, Sparebankstiftinga
Kinn Kommune, Vestland Fylkeskommune
Florø Skyssbåt, Firdaposten, Maritime Tours
Narvik Prenteverk

Kinnaspelet 2020- orientering om situasjonen i høve Koronakrisa

Kjære Sponsorar, støttespelarar og viktige leverandørar

Planlegginga av årets utgåve av Kinnaspelet har gått føre seg sidan tidleg haust 2019, og vi er i rute. Avtalen med teateret er på plass, teateret har engasjert skodespelarar og musikarar. Brosjyra er distribuert og billettsalet har starta. Invitasjonar til alle frivillege er sendt ut. Hovedsponsorane er med oss, søknadar til Sparebankstiftinga og Kulturrådet ventar på svar. Kommunen har sett av pengar i budsjettet og fylkeskommunen har gjeve tilslagn om stønad, Båtskyss er bestilt. Avtale med musikarar til konsert er på plass, Annonsesalet er kome godt i gang og programheftet er under utarbeiding. Vi har starta eit omfattande arbeid med å fornye fleire av kostymene til spelet og alt ligg vel til rette for ei flott helg og ei flott Kinnaspel 20-21 juni.

Men, så kom koronaviruset, og kva så ?

I styret for Kinnaspelet har vi diskutert dette fram og tilbake, og vi vil med dette informere om at vi framleis planlegg å arrangere Kinnaspelet 20-21 juni. Men vi er klare på at det også er ein risiko for at vi må avlyse det.

Vi avventar i første omgang på at regjeringa og folkehelseinstituttet rett over Påske kjem med ei oppdatering av situasjonen og med signal på kor lenge vi må rekne med strenge restriksjonar. Vi skal ha nytt styremøte 15 April og skal diskutere kva tiltak vi må iverksette. Vi skal komme tilbake til dykk med ny informasjon etter styremøtet.

Ei evt. avlysing av Kinnaspelet 2020 vil få alvorlege konsekvensar for økonomien vår og vi ber difor om at de som sponsorar og støttespelarar framleis er med oss, og at de som er leverandørar viser forståing dersom vi må gå til det skrittet å avlyse årets spel.

Vi ser fram til å høyre frå dykk så snart råd er dersom de har kommentarar.

Med helsing,
Styret for Kinnaspelet

Gustav Johan Nydal
Gustav Johan Nydal

